


Kvinnhersminne – årbok XIX



I leik og alvor

Framsida av Kvinnhersminne nr. 19.

Kvinnherad Sogelag tek kanskje ikkje så stor plass i mediabiletet. Men laget arbeider jamt og trutt med saker som handlar om den lokale historien vår, og dokumentasjon av den. Dessutan bistår vi andre som på eit eller anna vis treng laget si støtte til lokalhistoriske prosjekt. Torsdag i neste veke er det klart for bokpresentasjon i Gamleskolen i Uskedalen.

Annakvart år gjev Kvinnherad Sogelag ut Kvinnhersminne, og 12. oktober kjem den nittande utgåva i handelen. Styret i laget har delteke aktivt, både som bidragsytarar, og kontaktar til andre som har bidrege med viktig dokumentasjon på både gammal å nyare historie frå kommunen vår.

Dei siste utgåvene har hatt eit hovudtema. Denne gongen kom det så mange artiklar med ulike emne, at ein valde å gå bort frå dette. Denne utgåva tek for seg alt frå den første leidangen til oppvekst på Husnes i 1950-åra. Vi meiner det såleis vil finnast noko av interesse for eit breidt publikum. I leik og alvor er tittelen på den 19. utgåva av Kvinnhersminne.

Torsdag 10. oktober kl 19.00 er bidragsytarar, sogelagsmedlemer og andre velkomne til Gamleskolen i Uskedalen (ved grana isentrum) på bokpresentasjon.

Uskedal musikklag spelar, orientering om boka og presentasjon av bidragsytarane. Enkel servering.

Vel møtt.

Tekst/foto: Kvinnherad Sogelag

Nett: Kristian Bringedal